Medlemene i komiteen frå Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet viser til at undersøkingar viser at distriktsungdom ofte trur at det ikkje finst interessante arbeidstilbod på heimstaden. Desse medlemene vil peike på at fleire kommunar difor har etablert eigne databasar med oversyn over kva utdanning utflytta ungdomar har. Bedrifter og det offentlege brukar databasen for å finne ungdom med rett kompetanse når dei skal rekruttere arbeidskraft. Desse medlemene ber Regjeringa vurdere å opprette ein slik nasjonal kompetanse-database for distriktsungdom.

Medlemene i komiteen frå Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til at sentrumsregjeringa tok initiativ til eit forsøk med nedskriving av studielån for ungdom i Indre Namdal. Desse medlemene ber Regjeringa vurdere om nedskriving av studielån er eit så godt verkemiddel at verkeområdet skal utvidast til å gjelde andre distrikt i landet som har problem med å rekruttere ung arbeidskraft.

Desse medlemene vil peike på at det ei målsetjing å sikre at ein større del av verkemidlane går til kvinner. Tal frå Nordlandsforskning si evaluering i 1999 viser at i åra 1994-1998 gjekk berre 27 pst. av midlane i kommunale næringsfond til kvinner. 25 pst. av etablerarstipenda gjekk til kvinner, medan berre 3 pst. av distriktsutviklingstilskotet og 7 pst. av tilretteleggingsmidlane gjekk til kvinner. Desse medlemene meiner at det til dømes innan næringshagesatsinga og BU-tilskotet bør setjast av eigen kvote til kvinner.

Nordlandsforskning har også funne ut at kvinnelege næringskonsulentar/næringssjefar har meir positive haldningar enn mannlege til kvinnelege etablerarar. Difor er det etter desse medlemene si meining eit mål å få fleire kvinnelege næringskonsulentar og næringssjefar.

Kvinner innehar berre 20 pst. av leiarstillingane i kommunar og fylkeskommunar. Det er viktig at kvinner blir meir synlege i leiarposisjonar i distrikta, for å bidra til at meir feminine verdier og standpunkt blir sett på dagsorden.

Ifølgje undersøkingar frå Austlandsforsking ynskjer eit fleirtal av kvinnene i byane seg attende til regionen dei opphaveleg kom frå.

Desse medlemene meiner difor at arbeidet med å leggje til rette arbeidsplassar og stimulere nyskaping blant kvinner og ungdom er eit arbeid som må intensiverast. Kommunane har ei viktig rolle å spele i å leggje tilhøva til rette slik at folk ynskjer å starte opp eiga verksemd.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Kristelig Folkeparti, Høyre, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, vil vise til at for at det skal være attraktivt for kvinner og ungdom å bo og arbeide i distriktene må næringslivet kunne tilby attraktive, varierte og stabile arbeidsplasser. For å få kvinner og ungdom til å bo og trives i distriktene kreves det i tillegg et variert kulturtilbud og et godt utbygget servicetilbud. Morgendagens samfunn vil bli stadig mer kompetanseavhengig og det vil få avgjørende betydning for Distrikts-Norge å klare å utvikle bedrifter som kan nyttiggjøre seg ungdommens og kvinnenes stigende kompetansenivå.

Komiteens medlemmer fra Høyre og Fremskrittspartiet vil vise til at de ønsker å styrke såkornfondene fremfor å etablere et statlig investeringsfond som vil øke det statlige eierskapet generelt, og som fra før er alt for dominerende.

Komiteen ser det også som viktig at tilgangen til såkornkapital vert gjort kjent, slik at fleire forretningsidear og nyskapingsprosjekt kan bli realisert.

Komiteen vil peike på at for mange er trivsel og tryggleik i kvardagen avgjerande for om ein vel ein stad framfor ein annan. I dette ligg kravet om barneha-

geplassar, gode skule-, kultur- og fritidstilbod og eit godt tilbod av offentlege tenester elles innanfor rimeleg avstand. Komiteen meiner det er viktig at ein vektlegg dette dersom distrikta skal konkurrere.

## 3.4 Frå enkeltstader til regionar

### *3.4.1 Samandrag*

Regjeringen vil satse på utvikling av regioner som en motkraft til dagens sentralisering. Folk og bedrifter har i dag behov for arbeidsplasstilbud, arbeidskraft og service som ofte ikke kan tilbys i enkeltkommuner, men finnes fordelt over et større område som dekker flere kommuner og steder. By og land, tettsteder og omland har ulike funksjoner i den nasjonale og regionale arbeidsdelingen og er gjensidig avhengig av hverandre. Tettsteder og byer har et variert jobbtilbud og et bredere fritids- og tjenestetilbud enn spredtbygde områder. Å utvikle større sammenhengende arbeidsmarkeds-, bo- og serviceregioner er derfor en hovedstrategi for å kunne gi en så stor del av befolkningen som mulig et slikt samlet tilbud. Utviklingen av regioner i ulike deler av landet må ta hensyn til hva som er funksjonelt og hensiktsmessig for næringslivet og befolkningen. Dette må skje gjennom det regionale utviklingsarbeidet og i nært samarbeid mellom kommuner og fylkeskommuner.

### *3.4.2 Merknader frå komiteen*

Komiteen er samd i at regionale sentra, med eit breiare spekter av tenestetilbod er viktige for distrikta. Komiteen er også samd i at slike sentra må få utvikle seg vidare.

Medlemene i komiteen frå Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti vil likevel understreke at desse sentra ikkje må styrkjast på bekostning av utkantkommunane. Desse medlemene oppfattar Regjeringa sitt mål om større serviceregionar som eit ynskje om sterkare regional sentralisering av det offentlege tenestetilbodet. Desse medlemene stiller seg kritisk til deler av dei omstillingsprosessar som i dag foregår innanfor statlege verksemder nettopp fordi dei ser ut til å verke sentraliserande. Offentlege tenestetilbod skal vere tilstades og operasjonelt nærast mogleg innbyggjarane.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Sosialistisk Venstrepartiet vil også vise til at et flertall i Stortinget våren 2001 har gitt Regjeringen full støtte i omlegginger innenfor offentlig sektor, herunder politireformen og domstolsreformen, jf. St.meld. nr. 22 (2000-2001) og St.meld. nr. 23 (2000-2001). Disse medlemmer understreker at fornyelse av offentlig sektor er avgjørende for å vedlikeholde og få oppslutning om velferdssamfunnet. Disse medlemmer mener det er viktig og riktig å skape systemer som gir bedre bruk av ressursene og derigjennom mer velferd for pengene det offentlige rår over.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet viser videre til at Regjeringens nye statlige lokaliseringspolitikk vil bidra til å få en bedre regional fordeling av de statlige arbeidsplassene.

Disse medlemmer vil også vise til Regjeringens forslag til endringer i ansvars- og oppgavefordelingen mellom forvaltningsnivåene St.meld. nr. 31 (2000-2001) som er en sentral og viktig del av fornyelsen.

Komiteen vil peike på at utviklinga av større bu- og arbeidsmarknadsregionar skjer som ei naturleg følgje av betra kommunikasjonmuligheiter i samfunnet. Betra kommunikasjonar og kortare reisetid mellom jobb og bustad står helt sentralt for å utvikle større bu- og arbeidsmarknadsregionar.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti, Høgre, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, ser det som nødvendig å auke satsinga på kollektive transportmiddel, slik at fleire har høve til å reise kollektivt til og frå arbeid. Fleirtallet viser til sine merknader i Innst. S. nr. 119 (2000-2001) om Nasjonal Transportplan 2002-2011.

Komiteen vil vise til at urbaniseringen skaper både muligheter og utfordringer. Byfortetning og tettstedsutvikling gir andre transportbehov og økonomiserer med arealressurser. Samtidig oppstår nye utfordringer med å sikre et rent miljø der mennesker bor tett, og å unngå at folk kaster bort sin tid i kø. Store byer gir mange valgmuligheter for innbyggerne, blant annet når det gjelder arbeid og fritidsaktiviteter, men det oppstår dessverre også særskilte problemer knyttet til kriminalitet, rusmisbruk og andre sosiale problemer.

Komiteen mener at byenes spesielle muligheter og utfordringer må tas hensyn til. Ved siden av vekstfremmende distriktspolitikk må det også være rom for en aktiv og positiv storbypolitikk. Det innebærer at det tas høyde for at bolig-, tomte- og byggekostnadene er høyere i mange byområder enn andre steder i landet.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Kristelig Folkeparti, Høyre, Fremskrittspartiet og Sosialistisk Venstreparti, mener dette også må gjelde tildeling av midler til for eksempel idrettsanlegg og ordninger for boligsubsidier.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet mener regiondannelse og utvikling av større regionsenter er en naturlig prosess som vil pågå kontinuerlig i lang tid fremover.

Disse medlemmer mener det er positivt med en skjerpet konkurranse mellom regioner og regionsenter om å tiltrekke seg bedrifter og nye innbyggere. En slik konkurranse om arbeidskraft og bedriftsetableringer resulterer i en dynamisk samfunnsutvikling som er positiv og nødvendig.

Disse medlemmer mener en slik skjerpet konkurranse om å tiltrekke seg nye innbyggere resulterer i regionale og lokale anstrengelser for å fremstå som attraktiv ved å tilby bedre offentlige velferdstilbud, bedre infrastruktur og optimale forhold for næringsetableringer.

Disse medlemmer mener at i et nasjonalt perspektiv representerer flytting som skaper større og sterkere regionsentre en positiv utfordring for regionene og regionsentrene som landet samlet sett er tjent med.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti vil vise til sine merknader under 4.3.2 om en samferdselspolitikk for distriktene.

## 3.5 Innsats for småsamfunna

### *3.5.1 Samandrag*

Enkelte deler av landet, først og fremst småkommunene i de tradisjonelle utkantene, har svakere forutsetninger for å utvikle den bredden i næringsliv og servicetilbud som større regioner har. De spesielle utfordringer i slike småsamfunn krever særskilt innsats utover den generelle innsatsen innenfor distrikts- og regionalpolitikken. Slike samfunn står overfor store utfordringer når det gjelder å sikre velferdstilbud, offentlige og private tjenester og sysselsetting. Det er viktig å gjøre samfunnene attraktive som bosted også for ungdom og kvinner. Regjeringen legger opp til at det i den neste fireårsperioden gjennomføres en egen småsamfunnssatsning mot områder med stor nedgang i folketall, og stor avstand til sentre. Fylker som har mange slike områder vil bli prioritert i fordelingen av distriktspolitiske virkemidler. Det vil bli rettet et spesielt fokus mot de deler av statlige politikkområder som har betydning for utviklingen av lokalsamfunn. Arbeidet med etablering av offentlige servicekontorer har særlig betydning for å sikre tilgangen på offentlige tjenestetilbud i små og perifere kommuner og samfunn.

### *3.5.2 Merknader frå komiteen*

Komiteen har merka seg at Regjeringa legg opp til ei spesiell småsamfunnsatsing.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti, Høgre, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, meiner at skal ein utvikle sterke regionar er det avhengig både av gode senter og eit sterkt omland som kan verke i samspel med regionsenteret.

Et annet flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet og Høyre, ønsker å styrke regionsentrene gjennom å tilføre oppgaver utenfra, for eksempel statlige arbeidsplasser.

Medlemene i komiteen frå Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, vil leggje til rette slik at alle lokalsamfunn får moglegheit til vekst og utvikling, uavhengig av storleik og geografisk plassering. Satsing på enkeltstader må framleis stå sentralt, då heimstaden og kommunen er det dei fleste føler tilhøyre til, nest etter landet. Å stimulere det lokale engasjementet er viktig i distriktspolitikken.

Desse medlemene ynskjer i staden for sterke senter på bekostning av omkringliggjande kommunar, å styrkje regionsentra gjennom å tilføre oppgåver frå osloområdet, til dømes statlege arbeidsplassar.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti, Høgre, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, ser på omgrepet region som eit samarbeidsopplegg mellom ulikt plasserte aktørar og kommunar. Gjennom samarbeid og gode kommunikasjonar kan desse samla gi eit tilbod av arbeidsplassar og service på linje med større byar, og dermed motvirke sentralisering.

Medlemene i komiteen frå Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet viser til svar frå statsråden der ho seier at tiltaka i meldinga ikkje fører til auka sentralisering i Noreg. Desse medlemene vil peike på at den politikk som ligg til grunn for inntektssystemet for kommunane åpenlyst spriker med dei målsetjingar som ligg i meldinga. Det nye inntektssystemet inneber betydelig flytting av tilskotsmidlar frå utkantkommunar til dei større sentrumskommunane. Det beste eksemplet på at det er slik, er at det har vore naudsynt å setje i verk fleire tilpassingsordningar for å korrigere for utslaga av inntektssystemet. Når det ekstraordinære skjønnet gradvis vert teke bort frå 2002, etter forslag frå Regjeringa, vil dette ha stor negativ verknad for mange små utkantkommunar. Det framgår av svar frå departementet at 30 av dei kommunane som taper mest på avviklinga av ekstraordinært skjønn har vore med i KRD si "Utkantsatsing".

Desse medlemene vil også vise til at dei nye busetjingskriteriene er ei betring for mange kommunar, men dei omfattar bare skulesektoren og gir ingen kompensasjon for kostnader til smådrifts- og spreiddbygdulemper innan helse, pleie- og omsorgssektoren.

Desse medlemene vil vise til sine respektive merknader ved handsaminga av St.prp. nr. 82 (2000-2001) Kommuneproposisjonen.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti ser at det er behov for omlegging av inntektssystemet for å motvirke store ulikheter i velferds-, omsorgs- og skoletilbud. Alle kommuner må settes i stand til å gi et godt tilbud. Endringer i inntektssystemet kan aldri oppveie behovet for bedre samsvar mellom oppgaver og økonomi, men samsvar mellom oppgaver, ansvar og økonomi er en forutsetning for å kunne gjennomføre nødvendige omlegginger i inntektssystemet. Dette medlem vil peke på at folk ønsker flere og bedre tjenester. Blir kommunale tjenester for dårlige og lite tilgjengelig, vil de med god øko-

nomi etterspørre private tjenester. Vilje til å være med på en solidarisk finansiering av fellesgodene gjennom skattesystemet vil svekkes og presset på privatisering økes. Dette presset er størst i kommuner med vekst fordi her henger oppbygging av tjenester etter befolkningsøkningen. Slik legges grunnlaget for rettmessig misnøye og nye markedsmuligheter for private tilbydere. Derfor er en bedring av økonomien og raskere og bedre dekking av utgiftene i vekstkommunene, en viktig strategi mot privatisering.

Dette medlem viser til merknader om inntektssystemet i innstillingen til kommuneøkonomien for 2002.

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til merknader om SND under kap. 5.1.2.

Komiteens medlemmer fra Kristelig Folkeparti, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti vil vise til at det er behov for et regionalt folkevalgt forvaltningsnivå som kan drive fram god regional politikk, velferdsløsninger med lokal tilpassing og være samarbeidsforum for regionale saker. Statlig politikk kan ikke overta denne rollen på en vellykket måte. Interkommunalt samarbeid kan heller ikke erstatte behovet for et regionalt folkevalgt nivå. Det er viktig at ikke flere og flere store beslutninger og samarbeidsløsninger som omfatter mange kommuner, blir løftet ut av kommunale budsjetter og løst i mer uformelle samarbeidsorgan som ikke er under direkte folkevalgt styring. Dette vil undergrave lokaldemokratiet og pulverisere ansvaret for beslutninger som skal fattes.

Komiteens medlemmer fra Kristelig Folkeparti, Høyre og Fremskrittspartiet har en sterk tiltro til at lokalsamfunnet kan finne egne løsninger på sine egne oppgaver ved å ta i bruk egne krefter. Staten må slutte med å overstyre kommunene. Kommunene er i stand til å ta ansvar selv, og lage gode løsninger for sine innbyggere. Kommunepolitikere og innbyggere ber om større lokal frihet, ikke flere øremerkede bevilgninger. Med lavere statlige styringsambisjoner og færre regler kan kommunene bruke sine inntekter bedre og bidra til mer velferd for dem som bor i kommunen.

Disse medlemmer ser personlig ansvar og initiativ som en nødvendig drivkraft for et godt samfunn. Personlig ansvar og initiativ omfatter ikke bare det å skape noe for seg selv og sine nærmeste, men også initiativet til å løse oppgaver i lokale fellesskap. Kulturlivet, det frivillige barne- og ungdomsarbeidet, dugnadene og den offentlige debatt som danner normer i samfunnet er eksempler på aktivitet som ikke kommer i stand uten at noen kjenner personlig ansvar og tar personlig initiativ. Men også på disse områdene kan det private initiativ bli kvalt av offentlig engasjement.

## 3.6 Utfordringar i nord og i grenseregionane

### *3.6.1 Samandrag*

Nord-Norge er i enda større grad enn andre landsdeler preget av spredt bosetting, lange avstander, hardt klima, stor avhengighet av offentlig sektor og et ensidig næringsliv. Nord-Norge, spesielt Nord-Troms og Finnmark, har derfor fortsatt behov for ekstra oppmerksomhet og innsats. Den kommende evalueringen av tiltakssonen i Nord-Troms og Finnmark vil gi grunnlag for videre vurdering av tiltakene.

Regjeringen ser deltakelse i det grenseregionalt samarbeid mot EU-landene (Interreg-programmene) og i Barentsregionen som viktig for regional utvikling i Norge og for Norges nærområdepolitikk. På bakgrunn av dette og evalueringen som er gjennomført, har Norge takket ja til å delta i en ny Interreg-periode. Den nye perioden, Interreg III, strekker seg fra 2000 til 2006. Den økonomiske rammen er økt, og geografien er endret slik at alle deler av landet kan delta i ett eller flere Interreg-programmer.

### *3.6.2 Merknader frå komiteen*

Komiteen vil vise til at Nyskapings- og teknologiprogrammet i Nord-Norge (NT) har gitt gode resultat. Dette programmet må vidareutviklast, og komiteen ber Regjeringa utvikle fleire regionalt drevne nyskapings- og teknologiprogram etter denne modellen. Siktemålet er å gje økonomisk støtte til nyskapingsprosjekt, fagleg rettleiing og oppbygging av kompetansenettverk. Målgruppa av bedrifter skal vere eksisterande og nystarta nyskapande teknologibedrifter.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet vil peke på at dette allerede er fulgt opp av Regjeringen.

Komiteen vil vise til at fiskeriressursene er fornybare forutsatt en forsvarlig forvaltning. Det ligger et stort potensial i videreutvikling av fiskeriressursene.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre og Fremskrittspartiet vil peke på at Regjeringen har understreket at man fra norsk side skal ha en liberal praksis mht. innkreving av visumgebyr når det gjelder folk-til-folk samarbeid innen Barentsregionen. Flertallet vil understreke at det ikke har kommet signaler på at dette ikke fungerer tilfredsstillende etter at Schengen-samarbeidet er trådt i kraft.

Medlemene i komiteen frå Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, vil peike på at Nord-Norges ressursrikdom i form av fiskeressursar og oppdrettslokalitetar utgjer eit vekstpotensial regionalt og for heile landet, men at dette er svært sårbare ressursar. Desse medlemene etterlyser eit klarare engasjement for økologisk bærekraftige driftsformer, og for regionalpolitiske

tiltak som kan sikre at ein større del av verdiskapinga kjem primærleddet og lokalsamfunnet til gode.

Desse medlemene har merka seg at Schengen-avtalen påfører visumkostnader som er så høge at dei kan hindre samarbeid og utvikling mellom Nord-Norge og Nordvest-Russland. Utviklinga i vår nordlege grenseregion er avhengig av eit smidig system for grensepassering. Desse medlemene vil be Regjeringa vurdere tiltak for å sikre at samarbeidsmoglegheitene ikkje blir svekka.

Desse medlemene vil peike på at det vil vere vesentleg for det grenseregionale samarbeidet at Regjeringa forsøker å påvirke innhaldet i programma slik at dei lettare kan nyttast på tiltak som har prioritet i regionane. Det må verte større fridom med omsyn til korleis midlane kan brukast og korleis programma kan verte tilpassa regionale behov, ikkje slik som no at ein må leite etter tiltak som er tilpassa reglane i programma.

Komiteens medlemmer fra Høyre og Fremskrittspartiet vil understreke at de store avstandsulempene Nord-Norge sliter med, fører til at gode kommunikasjoner er helt avgjørende for en positiv utvikling i landsdelen. Det innebærer en politikk med økt satsing på infrastruktur og reduserte transportavgifter.

Komiteens medlemmer fra Kristelig Folkeparti, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti vil påpeke at overvåkningskomiteen for bruk av Interregmidlene ennå ikke er oppnevnt. Dette medfører at prosjekter ikke kommer i gang. Disse medlemmer ber Regjeringen få dette på plass raskt.

## 3.7 Omstillingsutfordringa

### *3.7.1 Samandrag*

Kommunal- og regionaldepartementet vil videreføre ordningen med en særskilt omstillingsstøtte til kommuner og regioner som har et ensidig næringsgrunnlag, og som står overfor spesielt store omstillingsutfordringer. Dette gjelder ofte nedleggelse av hjørnesteinsbedrifter, men kan også gjelde når summen av flere mindre sysselsettingsreduksjoner blir betydelige. Omstillingsarbeidet skal rettes mot omstilling av hele lokalsamfunnet og regionen og ikke bare mot bedriftene. I dette arbeidet er det normalt nødvendig med en bred felles innsats fra alle aktører. En særlig utfordring er den forestående omstillingen i forsvaret.

### *3.7.2 Merknader frå komiteen*

Komiteen viser til at det er utnyttinga av den rike tilgangen på naturressursar som har lagt grunnlaget for det busetnadsmønsteret vi har og det velferdssamfunnet vi lever i. Mykje av vårt lands eksportinntekter kjem frå bedrifter og næringar i distrikta som er basert på utnytting av ulike naturressursar. Komiteen ser at mykje av dette næringslivet er avansert på sine område og ligg teknologisk heilt i front på verdsbasis. Store deler av produksjonen består likevel av lite bearbeidde varer der dei viktigaste konkurransefaktorane er pris og volum.

Komiteen vil peike på at det ligg store moglegheiter for auka verdiskaping og konkurransekraft i det etablerte næringslivet i distrikta. Likevel er ikkje dette nok til å sikre stabile inntekter og trygge leveforhold i mange lokalsamfunn. For å skape attraktive arbeidsplassar og næringsutvikling ynskjer komiteen ei tredelt satsing. Fleire rapportar, seinast ein Ernst & Young- rapport utarbeidd for KRD frå i vår, viser korleis det å flytta tenester ut kan gi gevinst ikkje berre for distrikta, men også for staten. Det må satsast på auka kunnskapsinnhald og omstilling i eksisterande produksjon og næringsliv. Vi må samtidig bidra til at det vert utvikla og etablert langt fleire nye bedrifter innan nye næringar - også i distrikts-Norge.

Komiteen meiner det er avgjerande å kunne ha fleire tilbod av utfordrande og utviklande arbeidsplassar og miljø. Utan dette risikerer lokalsamfunn i distrikta å tape i konkurransen om ungdom, utviklingsmoglegheiter og arbeidsplassar.

Den teknologiske utviklinga fører til at stadig større deler av aktiviteten i samfunnet møter konkurrerande løysingar. Krafta i dei teknologiske endringane er så stor at den kan kome til å tvinge fram store endringar i hittil skjerma verksemder - også offentleg sektor - uavhengig av dei politiske vedtaka. Dette er ikkje nødvendigvis negativt, men komiteen ser at denne utviklinga kan skape større forskjellar både innan økonomi, kompetanse og regionalt.

Komiteens medlemmer fra Høyre og Fremskrittspartiet vil vise til at det er viktig å ligge i forkant av en slik utvikling slik at aktivitetene blir konkurransedyktige. Skjerming av sektorer for konkurranse vil svekke distrikts-Norge slik denne type skjerming historisk alltid har gjort.

Medlemene i komiteen frå Kristeleg Folkeparti, Høgre, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti meiner at stortingsmeldinga manglar ei grundig analyse av desse endringsprosessane. Medan den industrielle revolusjonen medførte at samfunnet blei organisert på grunnlag av den industrielle masseproduksjonen sin logikk - store einingar organisert i hierarkiske strukturar, medfører IT-revolusjonen heilt nye organisasjonsformer - mindre einingar organisert i nettverk. Dette gir heilt nye moglegheiter for desentraliserte løysningar, men desse moglegheitene er ikkje drøfta i meldinga i det heile.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti viser til at omstillingsprogrammene som følge av momsreformen må redusere sin aktivitet eller tidsrammen for omstillingsprogrammene. Dette medlem forutsetter at tapet i sin helhet blir dekket av

økte tilskudd og at dette blir kompensert i budsjett for 2001.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Høgre, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, vil peike på at ei av dei store utfordringane for distrikts-Norge er at mange har ei utdanning og ein kompetanse som i stadig mindre grad er relevant for framtidas arbeidsmarknad. Dermed kan det bli skapt ein vond sirkel: Mange regionar har høg del tilsette i yrke der sysselsetjinga går ned, dei nye og kompetansekrevjande jobbane - også i statleg sektor - blir i liten grad lagt til distrikta fordi innbyggjarane manglar relevant kompetanse og ungdom som søker utdanning flytter ut fordi dei ikkje får jobb på heimstaden. Utfordringa er å finne verkemiddel for å snu dette til ein positiv spiral.

Fleirtalet vil peike på at å utvikle samarbeid mellom kommunar gjennom samdrift i nettverk er ein måte å kompensere for ulemper knytt til å vere eit småsamfunn, ikkje minst er det viktig for å skaffe alle kommunane god nok kompetanse til å løyse dagens utfordringar.

Eit anna fleirtal, medlemene frå Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti, Høgre og Sosialistisk Venstreparti, vil også peike på at desentralisering av offentlege funksjonar - virtuelle løysingar kopla opp til kompetanseutvikling regionalt er ein god strategi. Utvikling av nettbaserte undervisningsløysingar og web-basert undervisning må utviklast for å gje moglegheit til både grunnutdanning og etter- og vidareutdanning lokalt.

Medlemene i komiteen frå Kristeleg Folkeparti, Høgre, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti fremjar følgjande forslag:

"Stortinget ber Regjeringa leggje fram ei analyse over kva konsekvensar IKT-utviklinga har for arbeidsmarknaden i distrikta, og kva tiltak som må gjerast for å sikre at også dei perifere deler av landet kan ta del i den nye teknologien."

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet viser til at hensynet til både bosettingen og samfunnsøkonomien gjør at det fortsatt er nødvendig med en ekstraordinær innsats for å fremme næringsutvikling i distriktene. Disse medlemmer slutter seg til at den næringsrettede ekstrainnsatsen i distriktspolitikken blir rettet inn mot følgende tre hovedområder:

– Økt oppmerksomhet på kompetanse og innovasjon i det eksisterende næringslivet.
– Det blir viktig å stimulere til økt etablering av konkurransedyktige, framtidsrettede og nyskapende virksomheter. I dette vil det ligge en særlig utfordring i å stimulere til etableringer innenfor næringer med høy verdiskapningspotensial.
– Det er viktig å styrke samarbeidet mellom bedrifter og mellom bedrifter og kunnskapsinstitusjoner ved at en utvikler gode regionale verdiskapingsmiljøer. Større deler av dagens virkemiddelbruk vris fra støtte til enkeltbedrifter til i større grad å styrke bedrifters utviklingsmiljøer.

Disse medlemmer vil peke på at lokalisering av høyere utdanning, desentraliserte studietilbud og etter- og videreutdanning omtales i meldinga under punkt 4.1.2. Disse medlemmer vil også vise til omtale av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) og bredbåndsinfrastruktur er et omtalt satsningsområde i meldinga, det samme gjelder det IT-baserte helsenettet som er utviklet i Nord-Norge. Disse medlemmer vil peke på at det er knyttet forventninger til økt bruk av ny teknologi, også som et virkemiddel for å nå distriktspolitiske mål. Disse medlemmer viser til rapporten "IKT og desentralisering" fra februar 2000, som vil inngå i Regjeringens arbeid med statlig lokalisering.

# 4. INFRASTRUKTUR OG LIKEVERDIGE LEVEKÅR - FRÅ ENKELTTILTAK TIL SAMLA BEHOV

## 4.1 Velferdstilboda og offentleg service

### *4.1.1 Samandrag*

Gode velferdstilbud og levekår har økende betydning for bosetting. Det er særlig kommunenes innsats som har betydning for sentrale velferdstilbud, som boliger, skoler, barnehager, primærhelsetjeneste, eldre- og sosialomsorg og kultur- og fritidstilbud. Innsatsen for barns og unges oppvekstvilkår er spesielt viktig i distriktspolitikken, fordi ønsker om gode oppvekstvilkår for barn er en viktig årsak til bosetting i distriktene. Regjeringens barnehagesatsing med mål om full behovsdekning og lavere priser vil ha betydning for tilrettelegging for bosetting av familier i etableringsfasen. Kultur- og fritidstilbud er også sentrale for bostedvalg. Samarbeidet mellom offentlige myndigheter og frivillige organisasjoner om tilbudene er viktig. Satsingen på telemedisin åpner for at lokalsykehus og primærleger kan gjøre flere vurderinger av pasientenes behov enn tidligere, og dermed for bedre tilbud nærmere hjemstedet.

Regjeringens økonomiske politikk skal sikre en handlekraftig kommunesektor. For at kommunene skal greie å levere et likeverdig tjenestetilbud til innbyggerne sine, er inntektssystemet bygd opp slik at det skal korrigere for variasjoner i skatteinntekter og i demografiske, geografiske og sosiale forhold. Kommunene vil få større frihet til selv å bestemme og velge løsninger tilpasset lokale forhold gjennom redusert detaljstyring og økte frie inntekter. Utvikling av en næringsvennlig kommunesektor vil bety mye for å forbedre rammebetingelsene for næringsutvikling og bedrifters lokaliseringsvalg.

*4.1.2 Merknader frå komiteen*

Komiteen meiner at gode velferdstilbod og levekår er viktige for kor folk buset seg. Komiteen vil understreke at det er viktig å gje kommunane i distrikta økonomiske rammer som set dei stand til å yte gode tenester til innbyggjarane sine. Lokalt demokrati og nærleik til avgjerder er grunnleggjande for at folk sjølve kan ta ansvar for utviklinga. Samarbeid mellom kommunar og regionar kan vere naudsynt for å sikre tilgang på spesialtenester og andre fellesoppgåver.

Komiteens medlemmer fra Høyre og Fremskrittspartiet vil advare mot en overdreven tro på at offentlig sektor kan sikre sysselsetting og verdiskaping i distriktene. Derimot er det viktig å ha en effektiv offentlig sektor slik at innbyggere og næringsliv i distriktene får kvalitativt gode offentlige tjenester. Et slankere og mer effektivt byråkrati kan frigjøre ressurser til offentlige kjerneoppgaver og legge til rette for redusert skatte- og avgiftsnivå, samt frigjøre arbeidskraft.

Disse medlemmer mener det er riktig å bygge ned eller slå sammen offentlige kontorer og direktorater der det er naturlig. Det vil frigjøre ressurser fra dobbeltarbeid og gjøre det lettere for brukerne å finne frem ved at de kan forholde seg til færre offentlige kontorer.

Medlemene i komiteen frå Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet vil peike på at kommunestrukturen, med mange små einingar, er eit av dei sterkaste verkemidla vi har til å sikre desentralisert produksjon og eit tilhøyrande tenestetilbod.

Desse medlemene vil legge følgjande prinsipp til grunn for offentleg tenesteyting:

– Prinsippet om optimal desentralisering av makt og midlar vert lagt til grunn for organiseringa av den offentlege verksemda. Det er viktig at ein legg eit breiare samfunnsrekneskap til grunn enn rein bedriftsøkonomi.
– Størst mogleg nærleik til brukaren er grunnleggjande. Alt arbeid retta mot brukarar skal sakshandsamast og løyvast nærast muleg, enten i kommunen eller i fylkeskommunen.
– Det skal arbeidast for optimal forenkling av prosessar og organisasjonar i det offentlege rom.
– Primærkommunane sin plass og rolle i forhold til regionalpolitikken, og regionalnivået si rolle i den nasjonale politikken må definerast klart i forhold til kvarandre. 1.linja er utgangspunktet for organiseringa totalt sett. Det betyr at statsforvaltinga sentralt og regionalt må nedbemannast.
– Krava til effektivitet og brukarorientering må vere høge i alle forvaltingsnivå.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet og Høyre, er uenig i at det er kommunestrukturen som sikrer desentralisert produksjon og tilhørende tjenestetilbud, men vil peke på befolkningsstrukturens betydning for dette. Flertallet mener derfor det er viktig å sikre en balansert befolkningsutvikling i alle deler av landet og opprettholde hovedtrekkene i bosettingsmønsteret.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet mener statsforvaltningen må tilpasses den nye oppgavefordelingen mellom stat, fylke og kommune, som det legges opp til i Oppgavemeldinga.

Komiteen vil understreke at frivillige organisasjonar, kyrkjer, idrett og barne- og ungdomsarbeid er viktige verdiar for lokalsamfunna. Gode vilkår for det frivillige engasjementet er grunnleggjande for å kunne skape livskraftige samfunn.

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti mener kunst og kultur både er rotfeste i lokalsamfunn og brobygger til resten av verden. Derfor er kultur en livsnødvendighet i distriktspolitikken, som gjør samfunnet rikere på opplevelser og tilbyr mennesker økte muligheter til å utvikle egne skapende evner. Derfor må det skapes gode rammevilkår både for videreutvikling av kunstneriske tradisjoner og for nyskapende utradisjonell kulturvirksomhet.

Disse medlemmer vil påpeke at kunsten må gis langt viktigere plass i det offentlige rom lokalt, regionalt og nasjonalt enn tilfelle er i dag. Kunst og kultur må verdsettes i kraft av sin egenverdi. Den ikke-lønnsomme kunsten må sikres med gode ordninger slik at kunst og kultur ikke blir mer preget av kommersielle krav enn nyskapning og en livskraftig utvikling.

Disse medlemmer vil legge vekt på et mangfold av kulturuttrykk tilgjengelig for alle, uansett alder, etnisk opprinnelse, sosial bakgrunn eller personlig økonomi. Det å gi alle mennesker mulighet til delta i kunst og kulturuttrykkene vil gi et viktig bidrag til utforming av et inspirerende samfunn og livskvalitet. For å kunne tilby et bredt spekter av kulturtilbud vil disse medlemmer poengtere at kunstnere må få en økonomi til å leve av slik at de kan få bo ute i distriktene for å sikre at alle samfunnslag uavhengig av geografisk plassering får en del av kulturtilbudet.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti vil jobbe for å få øke de statlige bevilgningene til kunst og kultur til minst 1 pst. av statsbudsjettet innen 2005. I forlengelsen av dette vil det være nødvendig å bedre arbeidsvilkårene for frivillige organisasjoner.

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti vil understreke at det er utviklet mange varianter av "skolesekker" og "kultur-nister" rundt i landet. Flere steder har det skjedd i regi av fylkeskommunen, som for eksempel i Møre og Romsdal, Hedmark og Sør-Trøndelag. "Skolesekkene"/"kultur-nistene" er utviklet ut fra

lokale forhold, og med en bærende tanke om betydningen av nettverk som består av mottakerapparat ved kommuner og skoler, og produsenter av kunst og kultur på nasjonalt og regionalt nivå. Gjennom dette arbeidet har en sikret koordinerte og effektive turneer, flere kulturopplevelser og at kulturkronene er blitt brukt på en effektivt måte. Når en nå skal utvikle en "kulturell skolesekk"/"kultur-niste" for hele landet, er det viktig at det skjer ut fra lokale forhold, og at det bygges på de erfaringene og det arbeidet som allerede er gjort. Disse medlemmer mener det må gis tilskudd til kommuner og fylkeskommuner som vil utvikle sine egne opplegg, og at dette vil kreve langt mer enn 15 mill. kroner årlig. En slik investering vil være god distriktspolitikk og god politikk for barn og unge.

## 4.2 Ny statleg verksemd skal lokaliserast utanfor Oslo

### *4.2.1 Samandrag*

Regjeringen har som mål å få et godt tjenestetilbud i hele landet og en jevnere regional fordeling av statlige arbeidsplasser, gjennom å føre en aktiv lokaliseringspolitikk. Lokaliseringspolitikken er nært knyttet opp til Regjeringens mål om å fornye offentlig sektor. Fornyelsen er avgjørende for å vedlikeholde og å få oppslutning om velferdsstaten, både når det gjelder tilpasning til endrede forventninger og tilgang på ressurser og arbeidskraft til nye behov i velferdssamfunnet. Regjeringens program for fornyelse har derfor som mål å basere organisering og tjenesteproduksjon på brukernes behov, overføre ressurser fra administrasjon til tjenesteproduksjon og fra sektorer med synkende behov til sektorer med økende behov, og å effektivisere ressursbruken og øke handlingsrommet på alle nivåer.

Omstruktureringer berører statlige virksomheter over hele landet. Regjeringen legger derfor stor vekt på en aktiv lokaliseringspolitikk som en vesentlig del av fornyelsespolitikken, med utgangspunkt i følgende mål og strategier:

– God tilgang på statlige tjenester over hele landet. Mål om offentlige servicekontor i alle kommuner. Når behov for fysisk tilgjengelighet er viktig for oppgaveutførelsen til statlige virksomheter, vil det veie tungt for lokaliseringsvalg.
– Spredning av statlige virksomheter, oppgaver og funksjoner.
– Avbøtende omstillingstiltak i kommuner som i betydelig grad får redusert arbeidsplasstilbud ved summen av flere endringer.
– Aktiv oppfølging av reviderte retningslinjer for statlig lokaliseringspolitikk. Nye statlige oppgaver skal normalt lokaliseres utenfor Oslo-området.

### *4.2.2 Merknader frå komiteen*

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti, Høgre, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, ser positivt på Regjeringa sitt engasjement for spreiing av statlig verksemd.

Medlemene i komiteen frå Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti vil peike på at sentrumsregjeringa i 1998 sette ned ei interdepartemental embetsmannsgruppe leia av AAD, for å gå gjennom og vurdere potensialet for utflytting av statlege arbeidsplassar. Rapporten "Desentralisering og IKT", som enno ikkje er følgd opp, omtalar berre statlege arbeidsoppgåver, ikkje heile verksemder. Den konkluderer med at 1 000-1 500 årsverk kan flyttast frå departement og direktorat. Desse medlemene viser til at embetsmannsgruppa blant anna foreslår å opprette ein incentivpott på 50 mill. kroner, for å stimulere økonomisk til desentralisering av arbeidsoppgåver. Til saman utgjer departementa og direktorata pr. 1999 13 457 tilsette, av desse er om lag 900 lokalisert utanfor Oslo. Talet på statstenestemenn pr. 100 innbyggjar utgjer i Oslo/Akershus 5,6 og i til dømes Hedmark/Oppland 2,2. I 1998 var 33 pst. av alle statstenestemenn tilsett i Oslo/Akershus, mens talet for til dømes Sør- og Nord-Trøndelag er 8 pst.

Komiteens medlemmer fra Høyre vil understreke at hele prosessen med å effektivisere og fornye offentlig sektor medfører at man må se på plassering, samlokalisering og flytting av offentlige arbeidsplasser. I den forbindelse finne disse medlemmer det naturlig at man utreder en plan for utlokalisering av eksisterende og nye statlige virksomheter fra Oslo-området. Ny teknologi gjøre det enklere å kommunisere selv om man ikke er fysisk samme stedet. Utgangspunktet for eventuell flytting/relokalisering av aktivitet i statlig regi må likevel basere seg på at ressurser både økonomisk og menneskelig tilsier at ny lokalisering gir bedre tjenester og møter fornyelsesprogrammets ønsker om å frigjøre arbeidskraft fra administrasjon til tjenesteyting. På denne bakgrunn støtter disse medlemmer at det legges frem en plan for utlokalisering av eksisterende og nye statlige virksomheter fra Oslo.

Medlemene i komiteen frå Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti ser det som positivt at Regjeringa vil vidareføre arbeidet med utlokalisering av statleg verksemd. I tillegg til å leggje nye statlege arbeidsplassar til utanom Oslo, må Regjeringa også ta fatt i rapporten frå embetsmannsgruppa og utarbeide ein plan for utflytting av statlege arbeidsplassar. Det kan vere mogleg å legge ny verksemd til Oslo dersom dette blir kompensert med utflytting av eksisterande statleg verksemd i minst same omfang. Vidare må det setjast eit tak på tal statlege tilsette i Oslo, slik at ein ikkje kan omgå dette prinsippet ved å utvide eksisterande verksemd heller enn å opprette ny.

Medlemene i komiteen frå Kristeleg Folkeparti, Høgre, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti gjer følgjande framlegg:

"Stortinget ber Regjeringa leggje fram ein plan for utlokalisering av eksisterande og nye statlege verksemder frå Oslo."

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet vil peke på at Regjeringen i meldinga har understreket at rapporten "Desentralisering og IKT" vil inngå i materialet som legges til grunn for Regjeringens arbeid med statlig lokalisering.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Sosialistisk Venstreparti vil vise til at Regjeringen har fått følgende viktige utflyttingsvedtak: Kystdirektoratet til Ålesund, domstolsforvaltningen til Trondheim, Kystverkets produksjonsenhet til Kabelvåg og Luftfartsverkets treningssenter til Tjeldsund. Det er også satt i gang et arbeid med å slå sammen Produkt- og Elektrisitetstilsynet og Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern med samlokalisering i Tønsberg. Disse medlemmene vil peke på at disse vedtakene i sum fører til at om lag 200 offentlige arbeidsplasser vil bli flyttet ut av Oslo i løpet av kort tid. Disse medlemmer vil peke på at også eksisterende statlige arbeidsplasser må inngå i vurderingen av hva som kan flyttes ut. Regjeringen har i denne forbindelse satt i gang et systematisk arbeid for å vurdere hvilke arbeidsoppgaver/funksjoner som kan desentraliseres fra sentralforvaltningen, under ledelse av KRD.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, vil peike på at offentlege arbeidsplassar er svært viktige for sysselsetjing og arbeidsliv i distrikta, spesielt for kvinner.

Medlemene i komiteen frå Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti meiner det er grunn til uro over at Regjeringa sitt arbeid med modernisering av offentleg sektor kan føre til sentralisering av mange statlege arbeidsplassar internt i regionane.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, viser til at det i St.prp. nr. 84 (2000-2001) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2001, står følgende:

"Fornyelsen i offentlig sektor vil medføre til dels betydelige strukturendringer, ikke minst for statlige virksomheter. I kommuner eller områder der det også er nedbemanning og omstilling i privat sektor, er utfordringene ekstra store. Summen av disse endringene kan slå meget uheldig ut ikke bare for den enkelte kommune, men for hele regionen. (…) Det foreligger i dag ingen tilfredsstillende undersøkelser som angir omfanget av slike sumvirkninger som her omtales."

Medlemene i komiteen frå Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti fremmer følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen fastlegge rutiner som sikrer at konsekvensene for distriktspolitikken blir utredet som en del av beslutningsgrunnlaget når Stortinget skal avgjøre om politikken på viktige samfunnsområder skal legges om."

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Sosialistisk Venstreparti vil vise til at Regjeringen i Revidert nasjonalbudsjett redegjør for at Kommunal- og regionaldepartementet nå vil sette i gang en utredning for å få bedre oversikt over omfanget av sumvirkningene for de strukturendringer som skjer i offentlig sektor, og vil kunne gi omstillingsstatus til slike områder slik det bl.a. er gjort for Vardø. I Revidert nasjonalbudsjett er det foreslått en tilleggsbevilgning for å få gjennomført en så grundig analyse som mulig og for å sette i gang omstillingstiltak.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet mener norske byer bør styrkes gjennom å øke folketallet og omfanget av servicefunksjoner. I et slikt perspektiv er det galt å føre en politikk som tapper byene for arbeidsplasser ved å flytte ut statlige oppgaver til distriktene.

Disse medlemmer mener det må være praktiske, økonomiske eller effektivitetsøkende fordeler som skal ligge til grunn for eventuell utflytting av statlige arbeidsplasser.

Disse medlemmer kan ikke godta at statlige arbeidsplasser flyttes ut av rene distriktspolitiske årsaker dersom ikke det finnes andre klare fordeler med en slik desentralisering av denne type arbeidsplasser.

Disse medlemmer vil hevde det er helt feil å fremstille sentralisering som om det utelukkende er et problem for landet. Sentralisering er derimot effektiviserende for mange samfunnsfunksjoner og er dessuten en naturlig utvikling som er et resultat av individets rett til fritt å velge hvor man vil arbeide og bosette seg i landet.

Disse medlemmer er trette av det ensidige fremstillingen fra enkelte partier om at enhver sentralisering er negativt og et onde som må bekjempes.

Disse medlemmer tar derfor sterkt avstand fra den rådende oppfatning der det konsekvent hevdes at det aller beste er at folk blir boende ute på landsbygda eller flytter dit.

Disse medlemmer vil derfor fremheve det positive ved sentraliseringstrenden og føre en aktiv politikk for å tilrettelegge for økt vekst og kvalitet i de strøk der folk flytter til.

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti vil peke på at det viktigste grepet for å sette SND i stand til å ivareta sine oppgaver, er å gi tilstrekkelig rammer til tilskudd og risikolån. Det er også grunn til å peke på viktigheten av at som skal fatte beslutninger må kjenne

den virkeligheten som beslutningene angår. Det kan bety at virksomheten som har ansvar for distriktspolitikk bør lokaliseres der oppdraget er. En desentralisering av SNDs hovedkontor må derfor utredes. I tillegg bør det utredes en ungdomsdivisjon i SND, lokalisert til Nord-Norge eller til Innlandet. Å lage en skikkelig ungdomssatsing i SND vil være et viktig signal om at det er mulig for ungdom å etablere seg og å skape seg en moderne, spennende arbeidsplass i distrikts-Norge.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti vil vise til eksempler på virksomhet som kunne lokaliseres utenfor Oslo. Statens strålevern kunne flyttes til for eksempel Kirkenes og sivilforsvarsdirektoratet til Alta.

Dette medlem vil påpeke at det er påkrevet å sørge for å opprette en offentlig kapasitetssentral slik at pasienter som ønsker benytte seg av fritt sykehusvalg får nødvendige gratis opplysninger om ledig kapasitet.

Dette medlem mener informasjonsenheten må lokaliseres utenfor Oslo og de større byene. Dette medlem viser til merknader og forslag under behandlingen av sykehusreformen.

